



STIFTELSEN OLE BULL AKADEMIET  
Strengjarhaugen 6  
5704 VOSS

Dato: 24.01.2018  
Vår ref.: 2017/610-270  
Saksbehandlar: irekron  
Dykkar ref.:

Att. Jo Asgeir Lie

## Driftsstønad til institusjonar/organisasjonar innan kunst-, kultur- og idrettsfeltet over Hordaland fylkeskommune sitt kulturbudsjett 2018

Fylkestinget vedtok årsbudsjettet for 2018 i møte 12.12.2017, sak 105/17 og har tildelt Ole Bull Akademiet eit driftstilskot for 2018 på **kr 278.000,-**

### FØRESETNADER FOR TILSKOTET:

- Til grunn for tilskotet ligg dykker søknad. Eventuelle vesentlege endringar skal meldast til Kultur- og idrettsavdelinga.
- Den regionale kulturplanen er styrande for tildelingar.
- Det skal sendast inn rapport for tilskotet slik det vert omtala nærmare i dette brevet.
- Det er ein føresetnad for tildelinga at krav til god økonomiforvaltning, kontroll og rapportering vert følgt.
- Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setja i verk kontroll med at midlane vert forvalta som føresett. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til dei dokument og opplysningar ein finn påkravd for sin kontroll.
- Gjennom aktivitetar, informasjonsmateriale m.m skal det synleggjera at Hordaland fylkeskommune er tilskotgjevar. For bruk av fylkesvåpenet gå inn på nettsida <http://www.hordaland.no/Om-fylkeskommunen/Profilhandbok/Logo/>. Sjekk at de brukar Hordaland fylkeskommune sin gjeldande logo, og på rett måte.
- Det er ein føresetnad at tilskotsmottakarar som har opne, publikumsretta aktivitetar aksepterer og nyttar ordninga med følgjekort for funksjonshemma. Funksjonshemma som kjøper billett skal ha rett til gratis billett til sitt følgje.
- Vi gjer merksam på at dersom verksemda mottar meir enn 50 % av inntektene frå det offentlege, vert verksemda omfatta av "lov om offentlige anskaffelser".

### RAPPORTERING

Det skal sendast inn årleg rapport med rekneskap og årsmelding seinast innan 1. mai kvart år. Dersom årsrekneskap og årsmelding for 2017 ligg føre innan søknadsfristen 1. april 2018, ber vi dykk legge desse med som vedlegg til søknaden.

### UTBETALING

Om ikkje anna er avtalt vert tilskot betalt ut i løpet av 2.kvartal. Når det gjeld tilskot på meir enn 1 million skjer utbetaling 2 – 4 gongar årleg.

## **KLAGE**

Det er ikke klagerett på budsjettvedtak.

## **SØKNAD FOR 2019**

Søknad om fylkestilskot for år 2019 skal sendast Kultur- og idrettsavdelinga innan 1. april 2018. Hordaland fylkeskommune nyttar elektronisk søknads/registreringsskjema som er tilgjengeleg på <http://www.hordaland.no/nn-NO/kultur/kunst-og-kulturutvikling/driftstotte-til-kunst-kultur-og-idrett/> . Alle søkerar må nyta denne portalen.

Søknaden vert handsama i budsjett 2019. Eit driftstilskot til ein einskildorganisasjon/-institusjon over fylkeskommunen sitt kulturbudsjet er ein eigen post i det årleg vedtekne totalbudsjettet. Ein søknad om støtte vert difor ein del av den totale budsjettprosessen. Fylkesrådmannen legg fram sitt budsjettforslag i slutten av oktober, som vert offentleggjort/gjort tilgjengeleg på våre nettsider. Frå oktober går budsjettarbeidet føre seg i dei politiske organa. Endeleg budsjettvedtak vert gjort av Fylkestinget i desember. Vedteke budsjett vert også lagt tilgjengeleg på nettsidene våre.

## **REGIONAL KULTURPLAN**

Premiss: *Kultur Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025* legg føreseielege rammer for regionale satsingar innan museum og kulturminnevern, arkiv, kunstproduksjon og kunstformidling, bibliotek, fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i åra fram mot 2025. Fylkeskommunen har ei regional utviklarrolle med eit særlig ansvar for å sjå dei ulike ressursane i samanheng. For å nå målet om Hordaland som leiane kulturregion inneber dette mellom anna at kultur skal vere integrert i utviklinga av alle samfunnsområde, med kvalitet i både tradisjonar og nyskaping. Handlingsprogrammet for 2015-2018, sist handsama i Fylkestinget 12.12.17, - PS 124/17, inneheld dei tiltaka som skal bidra til å nå målsetjingane i kulturplanen. Føresetnaden for det regionale driftstilskotet er at verksemda set seg inn i innhaldet i regional kulturplan og arbeider i høve dei målsetjingar og tiltak som den gir for det aktuelle feltet.

Fokus på barn og ungdom er ei gjennomgåande satsing i kulturplanen. Hordaland fylkeskommune oppmodar difor om å legge til rette særskild for desse målgruppene.

Regional Kulturplan 2015 – 2025: [http://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/kultur/hfk\\_kulturplan.pdf](http://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/kultur/hfk_kulturplan.pdf)  
Det vert elles vist til Fylkestinget sitt budsjettvedtak sak 105/17.

Per Morten Ekerhovd  
konst. fylkesdirektør kultur og idrett

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*